

Strategisk plan for
HALLINGDAL
2022 - 2025

Leiken, ekta, fri, prisk



HALLINGDAL

Innhold

| | |
|---|----|
| Innleiing | 2 |
| Bakgrunn..... | 2 |
| Formål med Strategisk plan og handlingsplan | 2 |
| FNs berekraftsmål | 2 |
| Folkestalsutvikling, alderssamsetjing, flyttemønster..... | 3 |
| Deltidsinnbyggjaren..... | 5 |
| Mogelegheiter og konkurransefortrinn | 6 |
| Verdigrunnlag | 7 |
| Overordna mål..... | 7 |
| Iddsområde og resultatmål | 8 |
| NÆRINGSLIV | 8 |
| KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR | 8 |
| KLIMA OG MILJØ | 8 |
| ATTRAKTIVITET OG OMDØMME | 8 |
| TENESTEPRODUKSJON | 8 |
| Resultatmål pr. innsatsområde | 10 |
| Handlingsprogram 2022 - 2025..... | 12 |

Vedteke i Hallingtinget 28. oktober 2021

Strategisk Plan Hallingdal 2022-2025

Innleiing

Hallingdal har hatt eit formelt interkommunalt samarbeid sidan 1952 og fekk sin første regionplan i 1973, først ut i landet. Den første strategiske planen for Hallingdal vart vedteken i slutten av 1997 og sidan har den vorte rullert kvart 4. år. I Strategisk Plan 2022-2025 tek me sikte på å vidareutvikle det gode samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal, men me vil også ta omsyn til partnarskapsavtala med Viken fylkeskommune, regionale planar og nasjonale føringar. I tillegg har FN sine berekraftsmål vore sentrale i utforming av mål og innsatsområde.

Bakgrunn

I vedtekten til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram.

Strategisk plan (SP) for Hallingdal 2022-2025, erstattar gjeldande Strategiske plan for Hallingdal 2017-2020 og handlingsprogrammet frå 2019. SP er resultat av ein prosess som har involvert politisk og administrativ leiing i alle kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar, frivillige og Regionrådet.

Formål med Strategisk plan og handlingsplan

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan som tek stilling til dei utfordringane regionen står overfor og som gir retning basert på det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2025. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført.

Til planen er det utarbeidd ein handlingsplan. Denne er meir detaljer på tiltaksnivå, har ein fireårig horisont, men med vekt på dei første par åra.

Det første året i ny regionrådsperiode, skal ein vurdere behovet for rullering/revisjon av den overordna strategiske delen. Handlingsplanen blir revidert/oppdatert kvart år.

FNs berekraftsmål


FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla inngår i FNs Agenda 2030 og består av 17 mål for ei berekraftig utvikling, samt ei erklæring om korleis verda skal oppnå denne utviklinga innan 2030.

I strategiske plan for Hallingdal her me veklagt følgjande berekraftsmål




Folkestalsutvikling, alderssamansetjing, flyttemønster

Folkestalsutviklinga i Hallingdal har dei siste ti åra vore tilnærma status quo. Eit forhold som spelar inn i statistikken er asylmottaka i Hallingdal der personar som hadde fått varig opphold er med i statistikken. Spesielt i 2015 – 2017 var det svært mange på mottak i Hallingdal, og dei fleste mottaka vart lagt ned i 2017-18. Grovt sett er det Hemsedal som har hatt folketalsauke og Nesbyen som har hatt ein folketalsnedgang.



Like viktig eller kanskje viktigare er det å sjå på alderssamansetning og endringar over tid. Statistisk sentralbyrå (SSB) si framskriving av folketalet frå 2020 til 2050 syner grovt fortalt:

- 300 færre i aldersgruppa 0 – 19
- 900 færre i aldersgruppa 20 – 64
- 2600 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre



Sitat frå NOU 2020: 15 Det handler om Norge (Demografiutvalet)


«Befolkningsnedgangen i distriktene har over tid vakt stor politisk bekymring, men blir ikke nødvendigvis den største utfordringen framover. Flyttestrømmen fra distriktene forventes å bli mindre. Det har sammenheng med at det blir færre unge, en gruppe som erfaringsvis flytter mye, og flere eldre, en gruppe som erfaringsvis flytter lite. Tendensen forsterkes av at de eldre også blir eldre enn før. En motstrøm av tilbakeflyttere og nykommere vil fortsette. Denne motstrømmen har alltid vært der, men har tradisjonelt fått liten oppmerksomhet. I tillegg vil fortsatt innvandring være viktig. Resultatet kan bli at folketallet stabiliseres i mange distriktskommuner, men at aldringen samtidig blir en større utfordring enn før.»


Utvalet har i sitt arbeid lagt til grunn at dei aktuelle utfordringane er knytt til tre forhold:

- Folketalsnedgang,
- Aldring
- Spreidd busetnad

Hallingdal er ein av få distriktsregionar som skårar høgt på bustadattraktivitet. Dette har m.a vore med på å halde folketalet relativt stabilt dei siste åra, slik at regionen klarar seg bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me er ikkje like attraktive når det kjem til arbeidsplassar, næringsliv og sysselsetting. (Sjå figur)


Me har industri der det skjer spennande ting, me har næringer basert på lokale ressursar og me er gode på reiseliv. Dette skal me ta vare på, og utvikle, men me treng fleire føter å stå på. Ei av hovudutfordringane for Hallingdal er eit for einsidig næringsliv. Det fører til at me taper terreng samanlikna med andre regionar i Viken. Me treng derfor fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning og større variasjon.





Deltidsinnbyggjaren

Som ein av dei største reiselivsregionane i landet er deltidsinnbyggjaren ei viktig bruks- og ressursgruppe for Hallingdal. Det har heile tida vore ei klar oppfatning i Hallingdal at dei «anslag» som blir gjort i forhold til gjestedøgn for hyttehallingar og turistar er alt for låge. Hallingdal har over lengre tid nytta teledata som hjelpemiddel i samband med beredskap. Systemet har i tillegg gjeve interessante og nyttelege tal å bruke elles for å måle trafikk. I Hallingdal er det gjort målingar kvar dag i ca. 18 mnd. Dette gjev eit unikt grunnlag for å vurdere faktisk tal på personar i kvar kommune og Hallingdal som region. Figuren under illustrerer dette.



Eit grovt anslag ut frå dei grunnlagsdata me har, gjev følgjande oversikt:

| | |
|---|-----------|
| Snitt innb. pr. dag, totalt | 46 724 |
| Pluss 6% (utan mobil, avvik for SIM kort) | 2 803 |
| Fråtrekk innb. Hallingdal | -20 000 |
| Fråtrekk ekstrern arbeidskraft | -1 000 |
| Fråtrekk gjennomgangstrafikk | -1 000 |
| Fråtrekk dagsturisme | -1 000 |
| Gjestedøgn snitt pr. døgn | 26 527 |
| Gjestedøgn pr. år | 9 682 355 |

Dette viser at det i gjennomsnitt pr. døgn, er langt fleire deltidsinnbyggjarar i Hallingdal, enn det er fastbuande. Det er her svært stor skilnad i forhold til dei tal som kjem fram ved å nytte tilgjengeleg statistikkgrunnlag.

Mogelegeheiter og konkurransefortrinn

Hallingdal.. :

- er ei merkevare
- er ein bu- og arbeidsregion
- har mindre reduksjon i befolkning og arbeidsplassar enn de fleste andre distriktskommunar
- er ein av dei største reiselivsregionane i landet
- har attraktive hytteområde og 18000 hyttehallingar som bidreg til mangfald og profilering
- har ei sentral geografisk plassering med kort avstand til både Osloområdet og Vestlandet.
- har gode bu- og oppvekstvilkår
- har attraktive og levande bygder
- har hovudferdselsårer aust-vest
- har eit godt regionalt samarbeid
- har attraktiv natur
- er fjellregionen i Viken

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, mogelegeheiter for å differensiere seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglegheit til å spesialisere seg rundt næringar og kompetanseområde, der regionen sine spesielle eigenskapar står sentralt. Me har god plass, god tilgang på kraft og er godt eigna for næringar der lokalisering er underordna.

Verdigrunnlag

Korleis ønskjer me at regionen og folk i dalen skal framstå eller bli oppfatta av andre?

For å nå måla skal samarbeidet i Hallingdal ta utgangspunkt i eit felles verdigrunnlag som seier noko om korleis me vil at regionen og dei som bur her skal framstå eller bli oppfatta av andre. Desse haldningane skal prege samarbeidet i eigen organisasjon, mellom kommunane i Hallingdal, og samarbeidet med andre.

LEIKEN: Me jobbar på lag, er rause og inkluderande, og me skal tenke nytt når me saman skal utvikle Hallingdal. Me ynskjer å skapa møteplassar som motiverer, inspirerer og gjer arbeidet lystbetont.

EKTA: Me er høflege, opne og ærlege. Ekta viser også til det naturlege og autentiske. Me ønskjer å utvikle dei naturgitte fordelane i dalen og levere god kvalitet på alle område.

FRI: Hallingdal har god plass og flott natur der ein kan føle seg fri, men det viser også til mangfold og toleranse. Det er plass til alle og det er lov til å vera den ein er.

FRISK: Hallingdal skal vera ein god region å bu i og koma på besøk til og ein attraktiv region å arbeide i. Me skal vera livskraftige og vitale i arbeidet for å oppnå dette.

Overordna mål

Kvar skal Hallingdal vera når planperioden er over

Hallingdal er ein attraktiv, framtidsretta og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar, hyttehalling og besökande.

Det betyr at me har fleire arbeidsplassar, positiv folketalsutvikling, betre livskvalitet og lågare klimautslepp enn i dag.

Hallingdal skal vera ein god region å bu og opphalde seg i. For å få til dette må me ha eit variert næringsliv og arbeidsplassar til alle. Ambisjonen er at den totale verdiskapinga skal auke og at me får til dette gjennom innovasjon og nyskapning i eit tett samarbeid mellom styresmakter, kunnskapsinstitusjonar og næringsliv. Vidare er det eit mål å utvikle eit moderne og livskraftig samfunn der me samstundes tek ta vare på naturen, miljøet og dei naturgitte fordelane me har i Hallingdal. (Smart Village-tankegang) Fordi me er små, er det eit mål at både samfunnsutvikling og utvikling av tenester skjer i tett samarbeid mellom kommunane i dalen, næringsliv, sentrale styresmakter og folk som bur og oppheld seg i dalen.

Innsatsområde og resultatmål

Kva skal me samarbeide om og kva skal me utvikle for å nå måla?

Innsatsområda våre er næringsrelaterte, men handlar også om andre aspekt som er viktige for at folk skal koma hit, trivast her og bli her. Livskvalitet, infrastruktur, berekraft og samarbeid er viktige område for Hallingdal.

NÆRINGSLIV

Hallingdal ønsker samarbeid på alle plan for å gi næringsaktørane betre grunnlag for verdiskaping, tilgang til kompetanse og forståing for å gjøre seg nytte av moglegheitene som finst. I dette ligg også eit auka fokus på samarbeid og innovasjon mellom det offentlege og næringslivet. Variasjon og breidde i arbeidsmarknaden er avgjerande for å vere attraktive.

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Hallingdal ønskjer felles satsing på betre infrastruktur på veg og bane for å auke attraktiviteten for næringsutvikling, busetjing og besøkande. Dette gjeld både internt i dalen og inn og ut av dalen. I tillegg er det ei kontinuerleg satsing på å betre den digitale infrastrukturen.

KLIMA OG MILJØ

Hallingdal skal vera eit berekraftige og moderne samfunn der både økonomiske, sosiale og miljømessige verdiar gjennomsyrar det me gjer. Me vil ta i bruk forsking, ny teknologi og innovasjon for å skapa ein grønare dal, nye og betre tenester, nye samarbeidskonstellasjoner og nye typar forretningsmodellar i eit framtidsretta samfunn.


ATTRAKTIVITET OG OMDØMME

Det skal vera attraktivt å bu, gå på skule, jobbe og ha fritid i Hallingdal. Her skal det vera trygt å vekse opp, godt og bu, og gjester skal bli tatt godt i mot. Hallingdal skal profilere seg på dette, framheve folk som ressurs og tydeleggjere at me er ein region der ein kan oppleve god livskvalitet.

TENESTEPRODUKSJON

Auka samarbeid mellom kommunane når det gjeld framtidsretta og gode kommunale tenester for dei som bur og oppheld seg regionen.

Figur Strategisk plan for Hallingdal 2022 - 2025



Resultatmål pr. innsatsområde

NÆRINGSLIV

ARBEIDSPASSAR – INNOVASJON - KOMPETANSEBYGGING

- Vekst i verdiskapinga totalt sett for Hallingdal (lønsamt næringsliv)
- Auke i talet på arbeidsplassar (inkl arbeidsplassar for unge, grønne arbeidsplassar, arbeidsplassar med krav til høgare utdanning, heilårsarbeidsplassar og statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar)
- Betre oppfølging av nyetablerte bedrifter slik at fleire blir i stand til å vekse og utvikle seg
- Fortsatt fokus på utvikling av eksisterande næringsliv
- Alle kommunar har nok tilgjengelege næringsareal
- Innovasjonssatsinga i Hallingdal er vidareført
- Auka innkjøp av lokale varer og tenester, som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.
- Tettare samarbeid om næringsarbeid og næringsetablering mellom kommunar, både om arealbruk og lokalisering av næringsverksemder.
- Det er etablert fleire desentraliserte utdanningstilbod innan både fagskule og høgskulenivå
- Skule og næring jobbar tettare saman

INFRASTRUKTUR

JERNBANE – VEG – BREIBAND - KOLLEKTIVSATSING

- Det er vedtatt korttare reisetid til og fra Hallingdal (plandelen)
- Ringeriksbanen er påstarta
- Vegpakke Hallingdal er påstarta
- Betre kollektivtilbod og fleire kollektivavgangar
- Fleire bustader og fritidsbustader har fått fibertilknyting (fast og trålaus)
- Betra vinterregularitet på fjellovergangane
- Det er etablert fleire ladepunkt for el-bil og el-sykkel i Hallingdal

KLIMA OG MILJØ

EIN GRØNARE DAL – KLIMAUTSLEPP - AVFALLSHANDERING

- Dei totale klimautsleppa er redusert med 25% frå referanseåret 2009
- Det er innført sortering av alt avfall
- Mindre gods på veg, meir gods på bane
- Alle destinasjonar er sertifiserte som berekraftige reisemål
- Auke i talet på miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter
- SMART VILLAGE tiltak er vurdert
- Hallingdal er etablert som ein «grøn region» m.a gjennom GRØN VEKST HALLINGDAL
- Hallingdal har eit betre og meir formalisert klimasamarbeid

ATTRAKTIVITET OG OMDØMME

LIVSKVALITET – STADSUTVIKLING - REKRUTTERING - PROFILERING

- Hyttehallingar og besøkande oppheld seg lenger i Hallingdal.
- Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder har stige med 1%.
- Fleire flyttar til og blir buande, og færre flytter frå.
- Hallingdal profilerer seg alltid som EIN bu og arbeidsregion i og utanfor regionen.
- Hallingdal profilerer seg betre mot eigne innbyggjarar.
- Målt livskvalitet har betra seg
- Innbyggjarar og hyttehallingar blir involvert i stads- og samfunnsutvikling.
- Hallingdal nyttar kunst og kultur som ei samfunnsbyggjande kraft og nyttar dette i utviklinga av regionen sin identitet knytt til kultur- og opplevelingssnæring.
- Hallingdal har styrka det regionale samarbeidet i utviklinga av tilbod innan kultur og idrett.

TENESTEUTVIKLING

FAGMILJØ – SAMHANDLING – DIGITALISERING - KVALITET

- Hallingdal har tatt i bruk ein felles digitaliseringsstrategi.
- Innbyggjarane i Hallingdal kommuniserer digitalt med kommunane gjennom heile livsløpet.
- Hallingdal samarbeider hensiktsmessig om kommunale fagområde der det er utfordrande for den enkelte kommune å ha eit godt nok, eige fagmiljø.» Hallingdal har vurdert kva planar som kan vera felles eller som kan samordnast.
- Kommunane ser på frivillige som ein ressurs i større grad enn før.
- Me har vurdert felles vikarpool i Hallingdal

Handlingsprogram 2022 - 2025

| NÆRINGSLIV | | | | | |
|---------------------|---|-----------|---------------------------|-----------------------|--------------------------------------|
| | Næringsutvikling og arbeidsplassar | Tid | Ansvar | Innvolering | Merknad |
| 1 | Utvikle sykkelsatsinga i regionen for å skape fleire heilårs arbeidsplassar | Årleg | Tråkk`n Roll | Kommune, Næringa, RR | Krev finansiering |
| 2 | Utvikle Hallingdal som ein meir «næringsvenleg region» Utarbeide ein digital portal med oversikt over alle ledige næringsareal, næringstomter, ressurspersonar og støtteordningar. Vurdere etablering av investeringsfond | 2022 | Næringsforum | RR, HNH Kommune | |
| 3 | Arbeide aktivt for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til regionen | Årleg | RR | | |
| 4 | Arbeide for eit digitalt rettleiingssenter i Hallingdal | 2022 | RR | Viken | |
| 5 | Starte opp «prosjekt Hyttehallingen» | 2022 | RR | Kommune og hyttefolk | Søke midlar frå Viken |
| 6 | Starte prosjekt «Berekraftig vekst og utvikling for nystartarar i næringslivet» | 2021 | Hallingdal etableresenter | HNH | Søke midlar frå Viken |
| 7 | Utarbeide ein <u>regional innkjøpsstrategi</u> for å tilpasse utlysingar slik at lokale aktørar kan delta og på den måten bidra til å ivareta, styrke og vidareutvikle lokalt næringsliv. | 2022 | Kommune | | |
| 8 | Utgreie eit regionalt innkjøpskontor med 2-3 tilsette. Hovudoppgåver skal vera innkjøp og kontraktsoppfølging | 2022 | Kommune | | Krev kom. finansiering |
| 9 | Arrangere yrkesmesse i Hallingdal | 2022 | RR | HNH | Søke midlar frå Viken |
| 10 | Arbeide for å sikre og utvikle NORTURA | 2021 | RR | RR | |
| 11 | Gjennomføre Verdiskaping- og ringverknadsanalyse for Hallingdal | 2022 | Destinasjons-selskapa | | Berekraftig reisemål |
| 12 | Gjennomføre omstillingsprogrammet «Sats på Hallingdal»: Utvikle eksisterande og nye næringar, skapa nye arbeidsplassar og ein meir variert næringsstruktur | 2021-2024 | RR | Kommune, næringsliv | Fått midlar frå Viken + eigeninnsats |
| Innovasjon | | Tid | Ansvar | Innvolering | Merknad |
| 13 | Etablere eit senter for innovasjon i Hallingdal | 2022 | HNH, Torpomoen | RR, HNH Kommune | Søkt midlar frå Viken |
| 14 | Innføre ein innovasjonskultur i kommunane gjennom deltaking i heilskapleg innovasjonsprogram | Årleg | Kommunane | | |
| Kompetanseutvikling | | Tid | Ansvar | Innvolering | Merknad |
| 15 | Arbeide for fleire og utvida desentraliserte studietilbod for høgare utdanning i Hallingdal | Årleg | RR, Kompetanserådet | Kommune, Næringa, FIV | |
| 16 | Arbeide meir oppsökande mot studentar som er heimehøyrande i Hallingdal eller som vil til Hallingdal. • Kople studentar og bedrifter som tilbyr arbeidsplassar. | 2022 | RR | | |

| | | | | | |
|----|---|-------|------------------------|-------------------------------------|----------------------------|
| | <ul style="list-style-type: none"> • Synleggjera verdiskapingsprogram, internship-ordningar og karrieremoglegheiter | | | | |
| 17 | Arbeide for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod, og kople vidaregåande skule og lokalt næringsliv. | Årleg | RR, Kompetanserådet | RR, Viken Kommune, næringsliv | Partnarskap med Viken |
| 18 | Vidareføre Ungt entreprenørskap Hallingdal med intensjon om å utvide ordninga til vgs. Stipulert ekstra kostnad på kr. 100 000, som krev ekstern finansiering | Årleg | UE | RR, Viken | Finansiering 300 000 |
| 19 | Vurdere vidareføring av «Toppidrettsregion Hallingdal» | 2023 | RR | | Krev finansiering |
| 20 | Sikre tilstrekkeleg tal på lærlingplassar i Hallingdal. Kommunane skal tilby minst 2 lærlingplassar pr. 1000 innbyggjar | 2022 | Kommune Næringsliv | | Krev kommunal finans |

| INFRASTRUKTUR | | | | | |
|-------------------------------|---|---------------|-----------------------------|-------------------------|------------------------------|
| Jernbane | | Tid | Ansvar | Innovering | Merknad |
| 21 | Arbeide aktivt for realisering av Ringeriksbanen | Årleg | RR | FNB | |
| 22 | Sikre tilgjengeleg transport av syklar og aktivitetsbasert utstyr på tog | 2022 | Berekraftig reisemål | VY | |
| 23 | Utarbeide ein påverknadsstrategi for stoppestader | 2022 | RR, Samferdsels-utvalet | VY | |
| Veg | | Tid | Ansvar | Innovering | Merknad |
| 24 | Vidareutvikle Hallingdalsløysinga: | 2022- 2023 | Samferdsels-utvalet | Kommunar, næringsliv | |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Arbeide for utvikling av vegpakke Hallingdal, Rv7 og Rv52 i tråd med NTP 2022 – 2033 • Arbeide for betra vinterregularitet på fjellovergangane | | | | |
| 25 | Få på plass fleire ladepunkt for el-sykkel og el-bil, og tyngre kjøretøy inkl. tilførsel til ladepunkt der det er naudsynt. | 2022 | Berekraftig reisemål, RR | Kommune, Viken, HKN | Hafslund/ ECO,defa HKN |
| Breiband | | Tid | Ansvar | Innovering | Merknad |
| 26 | Vidare breibandutbygging i samarbeid med Hallingdal Kraftnett | 2022 | RR | Kommune, VIKEN, HKN | |
| 27 | Arbeide for utbygging av 5G nettet | 2022 | IKT Hallingdal | | |
| Kollektiv og trafikktryggleik | | Tid | Ansvar | Innovering | Merknad |
| 28 | Arbeide for betra kollektivtransport – herunder: | 2021 | VIKEN kommune | VY, Brakar | Partnarskaps avtale Viken |
| | <ul style="list-style-type: none"> • Betre dimensjonering av tilboden • korrespondanse og samkjøring mellom buss og tog • Fleire avgangar med kollektivtransport i samband med helger og høgtider • Kommunikasjon, marknadsføring | | | | |
| 29 | Sjå på moglege lokale transportordningar for gjester som reiser kollektivt (delingstenester) | 2022 | Viken, RR | | |

| KLIMA OG MILJØ | | | | | |
|---|--|------|----------------|-------------------------|----------------------------|
| Ein grønare dal (tydelegare organisering) | | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 30 | Utarbeide felles klimaplan i Hallingdal | 2022 | Klimanettverk | commune | |
| 31 | Utarbeide felles retningsliner for arealbruk og for å ivareta sårbar natur og fremje naturmangfald | 2022 | Klimanettverk | commune | |
| 32 | Innføre klimaråd i kvar kommune | 2022 | Kommune | | |
| 33 | Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal | 2022 | RR, kommune | VIKEN kommune | Delfinansiert Frå Viken |
| 34 | Innføre klimabudsjett og klimarekneskap i kvar kommune | 2022 | Kommune | | Gol er pilot |
| 35 | Utarbeide felles retningsliner for klimavennlige innkjøp | 2023 | Kommune | Viken | |
| Reduserte klimautslepp | | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 36 | Delta i klima Viken | 2022 | Kommune | | |
| 37 | Vidareføre Grøn Vekst Hallingdal | 2021 | RR | Eige prosjekt | Krev finansiering |
| 38 | Gjennomføre tiltak i «Klimakur 2030» | 2022 | Kommune | | |
| 39 | Utarbeide «grøne reguleringsplanar» i kommunane | 2022 | Kommune | | |
| Avfallshåndtering | | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 40 | Etablere sortering på alt avfall | 2023 | RR, HR | Kommune, Næringa, RR | |
| 41 | Påverke bøndene til å sortere og levere all rundballeplast | 2022 | Kommune | | |

| ATTRAKTIVITET OG OMDØMME | | | | | |
|--------------------------|---|------|----------------|---------------------------|----------------------|
| Livskvalitet | | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 42 | Innføre bu og blilyst prosjekt i alle kommunar. Dette handlar om stadsutvikling, nytiflytting, integrering, trivsel og involvering av dei som bur i dalen, mobilisering av frivillige osb | 2022 | commune | Frivillige, næringsliv | |
| 43 | Oppfølging av funn i Livskvalitetsundersøkinga | 2022 | RR/ kommune | Kommune, FHI | |
| 44 | Vurdere innføring regionalt friluftsråd | 2022 | Kommune RR | | Krev finansiering |
| Rekruttering | | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 45 | Vidareutvikle jobb i Hallingdal | 2022 | RR | | |

| | | | | | |
|----|--|------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------------|
| 46 | Arrangere eit Hallingtreff pr år i dei store byane | Årleg | RR | | |
| | Profilering | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 47 | Etablere ein overordna informasjons/profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no, Fritid Hallingdal, Kva skjer i Hallingdal, destinasjonsselskapa, Kommunane, regionrådet, ulike bookingsider, Jobb i Hallingdal | 2022 | RR | RR Kommune Næring | Prosjekt Kostnad 250 000 |
| 48 | Vurdere ein stilling øyremerka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier | 2022 | RR | RR, kommune næring | Kostnad 1.mill. pr. år |
| 49 | Arrangere vertskapskurs som inkluderer kunnskap om bærekraftig reiselivsutvikling annankvart år | 2022 | Destinasjon- selskapa | kommune | Berekraftig reiseliv |
| 50 | Styrke felles marknadsføring av Hallingdal som heilårsdestinasjon | 2022 | Destinasjon- selskapa | kommune | |

| TENESTEUTVIKLING | | | | | |
|-------------------------|---|----------------------|---------------------------|----------------------|-------------------------------------|
| Fagmiljø | | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 51 | Vurdere og prioritere kva fagmiljø og kva tenester som bør/må samarbeide tettare for å betre kvalitet, økonomi eller redusere sårbarheit | 2022 | Rådmanns- utvalget | Formann- selskapa | Sak til Regionråd i mai 2022 |
| 52 | Kartlegge kva planar og styringsdokument som kan være felles i Hallingdal | 2022 | Rådmanns- utvalget | | Sak til Regionråd i sept 2022 |
| 53 | Utvikle Hallinghelse som samarbeidsarena for helsetenester, beredskap og livskvalitet. Vurdere å utvikle eit forskingsmiljø ved Hallinghelse | 2022 | Rådmanns- utvalget | | |
| 54 | Betre det administrative tverrkommunale samarbeidet på tvers av fag og profesjonar. | 2022 | Rådmanns- utvalget, RR | | |
| 55 | Innarbeide velferdsteknologiprosjektet i linjeorganisasjonen, samt få på plass ein regional ressurs. | 2022 | Kommunane | | Krev ein regional ressurs |
| 56 | Gje dei tverrkommunale fagmiljøa som sjølv ønskjer meir formalisert og tettare samarbeid, mandat til å konkretiser korleis dei vil gjera det. Dette gjeld: <ul style="list-style-type: none"> • Kulturområdet • Kulturskuleområdet • Planforum • Næringsforum | Innan mai 2022 | Rådmannsutvalget | | |
| Digitalisering | | Tid | Ansvar | Involvering | Merknad |
| 57 | Innføre felles digitaliseringssstrategi i Hallingdal | 2021 | IKT | kommune | |
| 58 | Restrukturere organisering og leing av digitale tenester og løysingar | 2022 | IKT | kommune | |
| 59 | Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane | 2022 | IKT | kommune | |

| | | | | | |
|----|---|------|-----|--------|--|
| 60 | Delta i DigiViken | 2022 | IKT | komune | |
| 61 | Harmonisering av PLO systemet i retning AKSON | 2023 | IKT | komune | |